

“Nordiske sommeretter” gav 200 menneske stor oppleving i Setesdal Mineralpark:

Fransk carmensita på Auensneset

Med ei smittande livsglede og imponerende intensitet fekk den franske carmensita Rany Boechat det til å svinge skikkeleg i fjellhallen ved Setesdal Mineralpark på Auensneset i Hornnes måndagskvelden. Ho framstod som “stjerna” i eit købel av internasjonale utøvarar som presenterte programmet “Med løsnipp” som ein del av “Nordiske sommeretter”.

**Tekst og foto:
Sigurd Haugsgjerd**

Rundt 200 menneske hadde samla seg i den svalte fjellhallen der det var godt å komme inn etter endå ein varm og solrik dag utomhus. Men om ein slapp sola inne i fjellet, var det mykje anna som strålte, fyrst og fremst songsolisten Rany Boechat, busett i Frankrike og gift med fiolinisten Pierre Bleuse som også framstod meir som ein trollmann enn ordinær muskar i dette showet. Han fekk fram trumpeklapp gong på gong gjennom sitt fyrrige og temperamentsfulle grep om fiolinen. På det beste brukte han fingrane vel så mykje som bogen, og alt fann sin harmoni i eit velregissert fyrverkeri av eit musikkshow.

Store forventningar

“Med løsnipp” hadde publikum ikkje så lite forventningar til kveldens tolkingar av dei klassiske perlene, og di lengre det varte utover kvelden, di lausare vart det.

For her stod kobbelet av franske, norske og brasilianske utøvarar saman om klassiske verk i ei friare og kanskje meir uhøgtdelige form og framføring enn det som er vanleg på den aller blankaste parketten i dei store konsertlokala. På skiferen på Auensneset derimot bevega det seg i eine dansesfæren etter den andre alt etter som festen skreid fram. For det var verkeleg ein fest, og med Rany Boechat som den aller ypperste, i alle fall etter publikums smak.

Frå ei bakgate i Brasil

Ungjenta som på rekordtid har plassert seg som ei verdensstjerne, har ein sterk historie å fortelje. Ho vart

funnen i ei bakgate i Brasil, oppdaga av den katolske kyrkja som gav henne stipend og dermed skuleting av eit uomvisteleg talent. Ho kom til Frankrike og fann der som

Bisses Carmen sin “Don Rose” i fiolinisten Pierre Bleuse, mannen som fryda seg med publikum då Rany måndagskvelden auste av sitt rikholdige repertoar.

Kjærllekserklæringar

Ho var involvert i det meste frå sterke kjærllekserklæringar i Mozarts og Rossinis intense historier om ho som berre vil ha den eine å gifte seg med, ikkje ei nylder av friarar, til svingande latinamerikanske rytmor og feiande frisk jazzinspirert musikk som avslutning.


Den norske fløylisten Andreas Sønning smilte berre, strålande nøgd som han var, produsenten for noko så vellukka at ein kanskje berre må tilbake til fjorårskonserten på Auensneset for å finne noko tilsvarende.

Musikalsk reise

For også denne gongen var det ei musikalsk reise der store internasjonale artistar våga seg på ein ønskekonsert av det dei gjerne aller helst framfører i meir lukka lag. At opera ikkje berre er song, men også stor skodespelarkunst viste brasilianske Rany oss denne måndagskvelden mellom balladar frå den spanske folkemusikken flamenco der ho også trakterte kastanjettar til franske, spanske og argentiniske dansar med profit akkompagnement. Og Pierre Bleuse då som vedgjekk at konsertlokalet inne i eit fjell er noko spesiell, men den franske klassikaren Ravel fekk likevel si sterkt bluesinspirerte tolking under granitten på Auensneset.



Ho kunne også synge jazz, brasilianske Rany Boechat som avslutta showet på Auensneset måndagskvelden med Duke Ellington og etter kvart kvart Bernsteins lyslige “I feel pretty”.



Publikum let seg fascinere, nærast trollblinde, av store musikalske prestasjonar inne i fjellet på Auensneset måndagskvelden.



Innehavar Vegard Hansson med varm takk til songsolisten Ranya Boechat etter konserten.